

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLER SIN KOMMENTAR TIL MERKNADAR OG UTTALE - OPPSTART

<b>Plannavn</b>	<b>Skårnesvika naustområde, Toska,</b>
<b>PlanID.</b>	1260 2016 000 500
<b>Saksnummer</b>	
<b>Utarbeidet av</b>	Arkoconsult AS
<b>Datert/Revidert</b>	29.08.16

<b>Avsendar</b>	<b>Hovudpunkt i merknad/uttale</b>	<b>Forslagsstillers kommentar</b>
<p><b>1.</b> <b>Fylkesmannen i Hordaland</b> 27.07.2016</p>	<p>Fylkesmannen minner om at statlege retningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Dei legg vidare til grunn at kommunen gjer ei vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Dei kan ikkje sjå at planforslaget er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken men vil likevel koma med følgjande innspel til oppstartvarsel:</p> <p><b>ROS-analyse</b> Kommunane skal fremja samfunnstryggleik i si planlegging, jf plan- og bygningslova (pbl) § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal visa risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.</p> <p><b>Barn og unge</b> Rikspolitiske retningslinjer av 20.09.1995 og rundskriv T-2/08 stiller krav til ivaretaking av barn og unge sine interesser i planprosessen. Kommunen skal organisera planprosessen slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, og slik at synspunkt som gjeld barn kjem fram og vert ein del av prosessen. Viser elles til temaretteljar T-1513 (barn og unge).</p> <p><b>Folkehelse</b> Alle planar skal fremma befolkninga si helse og motverka sosiale helseforskjellar, jf. pbl. § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrker helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppvekstilhøve, jf. pbl. § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.</p> <p><b>Strandsona - område med mindre press</b> I dei delane av Hordaland med mindre press på areala gjeld byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8. I følgje statlege retningslinjer om differensiert utbygging i strandsona er det likevel lettare for kommunane å vedta planar som opnar for utbygging i strandsona enn i</p>	<p><b>ROS-analyse</b> Utabeid (i planskildring).</p> <p><b>Barn og unge</b> Planlagd utbygging er vurdert til å vere helsefremjande gjennom å leggje til rette for positive friluftaktivitar som fritidsfiske, etc. knytta til naust- og småbåtanlegget</p> <p><b>Folkehelse</b> Planlagd utbygging er vurdert til å vere helsefremjande gjennom å leggje til rette for positive friluftaktivitar som fritidsfiske, etc. knytta til naust- og småbåtanlegget.</p> <p><b>Strandsona - område med mindre press</b> Planlagd utbygging vil ikkje føre til negative konsekvensar i høve til allmenne interesser eller negativt påverke planområdet sin verdi (friluftsliv, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø</p>

	<p>kommunar der arealpresset er større. Utbygging bør så langt råd er lokalisert til område som er utbygd frå før av, slik at ein unngår bygging i urørde område med spesielle kvalitetar.</p> <p>Eventuell utbygging skal vurderast i forhold til andre allmenne interesser og det bør ikkje opnast for utbygging i område med spesiell verdi (friluftsliv, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø og landskap). Også andre interesser som fiske, landbruk, oppdrett m.m. må vurderast.</p> <p><b>Naturmangfald</b> Minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.</p> <p><b>Medverknad</b> Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikra at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging. Viser til nettsida <a href="http://www.miljokommune.no">www.miljokommune.no</a> og tilbyr elles å vere med på møte om ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.</p>	<p>og landskap). Dette gjeld også andre interesser som fiske, landbruk, oppdrett m.m. må vurderast.</p> <p><b>Naturmangfald</b> Det er ikkje avdekka sårbare artar innan planområdet som delvis er opparbeida og tiltaket vil ikkje føre til noko større terrengingrep i området.</p> <p><b>Medverknad</b> Nærmaste naboar er direkte knytta til planframlegget som brukarar av sjølve planområdet, (naust og båtplassar).</p>
<p><b>2.</b> <b>Hordaland Fylkeskommune,</b> 07.07.2016</p>	<p>Føremålet er i hovudsak i samsvar med overordna plan der området er sett av til småbåthamn og naustområde. Det er vurdert at planarbeidet ikkje vil utløse krav om konsekvensutgreiing. Fylkeskommunen forutset at det vidare planarbeidet vert gjort i tråd med føresegn til kommuneplanens arealdel, særleg jf. §§ 3.1.3 og 3.1.4. I tillegg til dette ber dei om at planforslaget vert tilpassa lokal byggeskikk og at ein reduserer fjernverknadene gjennom fokus på både volum, materialval og estetikk. Planforslaget bør særleg ta omsyn til nærliggande eksisterande bustader.</p> <p>HFK har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern og vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Dei ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.</p> <p>HFK har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet og dei har difor ingen avgjerande merknader i høve til kulturminneinteresser. Planen har vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum og dei kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av reguleringa</p>	<p>Innspel teke til etterretning.</p> <p>Eigar av nærmaste bustad er ein av tiltakshavarne til planframlegget. Også ikringliggjande firtidbustader er direkte knytta til planframlegget som eigare av planlagde naust og båtplassar.</p>
<p><b>3.</b> <b>Statens vegvesen</b> 12.07.2016</p>	<p>Har registrert at føremålet er for det meste i samsvar med arealdelen av kommuneplan for Radøy og legg til grunn at fylkesvegen er bygd i samsvar med plan. Dei gjer vidare merksam på at det vidare planarbeidet må ta høgde for forventa trafikkmengde og –type, og dette må vere dimensjonerande for dei ulike vegføremåla i planen. Eit anna relevant tema er tilhøve til mjuke trafikkantar. Dei har ikkje vesentlege merknader til planframlegget no, men vil ta stilling til om deira interesser er tilstrekkeleg tatt i vare når det føreligg eit konkret planframlegg.</p>	<p>Vegbredde på kommunal veg er vidareført frå gjeldande reguleringsplan lenger sør, Toska hyttefelt.</p>
<p><b>4.</b> <b>Fiskarlaget Vest</b> 14.07.2016</p>	<p>Minner om at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring og at dei viktigaste gyte-, oppvekst-, og fiskeområde ligg her. Ein er difor heilt avhengig av eit godt og reint havmiljø. Småbåthamnar er ein forureingskjelde for grunn og sjøbotn og spyling/vedlikehald av båtskrog er den største kjelda til dette. Det bør difor ikkje gjerast slikt arbeide i sjø i gyteperioden frå januar til april.</p>	<p>Småbåtanlegget har 8 båtplassar og det vil såleis vere begrensa kva mengder forureining dette vil medføre. Elles er ikkje planområdet dimensjonert eller planlagt med tanke for lagring av båtar og det vil såleis heller ikkje verte spyling/vedlikehald (anna enn mindre forefallande</p>

	<p>Dei visar bl.a.til div. rapportar om tema, samt ein CIENS-rapport; 2-2011 som gjev råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåt-hamnar kan avgrensast.</p>	<p>arbeid).</p>
<p><b>5.</b> <b>Fiskeridirektoratet</b> 14.07.2016</p>	<p><b>Formål med detaljregulering og planstatus</b> Ifølgje varsel er formålet med planlegginga å regulere for småbåthamn med båtopptrekk og tilkomstveg. Arealbruk i sjøområdet er i kommunen sin arealplan sett av som Småbåthamn og naustområde.</p> <p><b>Fiskeridirektoratet sin rolle og ansvar i arealplanlegginga</b> Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akva-kulturnæringa.</p> <p><b>Innspel til planarbeid</b> Havforskningsinstituttet har registrert gyteområde for torsk gjennom Toskasundet og vi ber om at eventuelle tiltak i sjøområda t.d sprengingsarbeid og utfylling av massar vert utført med varsemd av omsyn til bevaring av gyteområdet. Torsken har sin gytetid frå slutten av januar og ut april, og etter at sjølve gytetida er over, vil det forekomme egg og larvar i vannmassane til mai/juni.</p> <p>Utover dette kan vi ikkje sjå at forslag til reguleringsplan vil medføre vesentlig konfliktpotensial i høve til arealbruk knytt til fiske- og akvakulturverksemd.</p> <p>Ber elleds om å få kopi av vedteken plan.</p>	<p><b>Innspel til planarbeid</b> Lite sannsynleg at det vert sprengingsarbeid i sjø, kun mindre utfylling av massar. Anleggsarbeid bør likevel utførast med varsemd av omsyn til bevaring av gyteområdet.</p>
<p><b>6.</b> <b>Kystverket</b> 25.07.2016</p>	<p>Føremålet med planen er i samsvar med gjeldande kommuneplan og dei førespegla tiltaka er ikkje vurdert å ha noko særleg negativ påverknad på sikkerheit eller framkomelegheit i sjøområda. Tiltak i sjø er søknadspliktige etter hamne- og farvasslova og det er Radøy kommune som er myndigheit her. Me bed om at dette vert teke inn i føresegnene. Utover dette har ikkje Kystverket vidare merknader til planen.</p>	<p>Innspel teke til etterretning.</p>